

Tannlegestudentar som sat i tyske konsentrasjonsleirar 1943–45

Av tannlege Vagleik Frigstad

Opplysningane til denne artikkelen er henta frå kopi av lister utlevert frå Riksarkivet, 0806 Oslo. For å finne fram til kven som blei sendt til Tyskland er desse namna sammenlikna med fangeregistret i boka *Nordmenn i fangenskap 1940–1945 v/ Kristian Ottesen, utgåve 1995*, og dermed har desse listene komme fram. Det finst ikkje lister over tannlegestudentar opptatt hausten 1943 frå Odontologisk fakultet. I boka *Fra lærlingtid i tannlegekunst til akademisk studium* av E. B. Messelt 1993 står det under avsnittet Okkupasjonstiden, at administrasjonen ved Odontologisk institutt etter arrestasjonen arbeidde for å få frislept så mange studentar som råd og at ... (rektor) *Ivar Krohn som deltok fra fakultetet i denne virksomhet, og som på et møte med tyskerne i midten av desember foreslo at alle som hadde begynt sitt studium i 1943 skulle løslates en bloc. Han begrunnet dette med at disse ikke kunne ha deltatt i de aktiviteter som var blitt påberopt som grunn til arrestasjonene. Forslaget ble da også god tatt.* Hausten 1945 blei det tatt opp 51 studentar ved Tannlegehøgskolen i Oslo, 30 av desse hadde artium 1943 eller tidlegare, men ingen av dei hadde vore fangar i Tyskland. I samtale med ein tannlege som var i dette kullet, fortalde han at han aldri hadde høyrte tale om at noen på dette kullet hadde starta sitt studium hausten 1943. Det har ikkje lykkast å finne ut kvar studentane frå 1943 blei av. Når det gjeld fangeregistret i boka til *Kristian Ottesen*, kan det vere ein del feil opplysningar vedgåande datoar for overføring til dei ulike plassar i Tyskland, som det har vore uråd å rette for

andre enn dei eg har hatt personleg kontakt med. Namna merka med* blei ikkje sendt til Tyskland, men til Grini. Ikkje alle studentane blei sendt ned, noen greidde å gå i dekning, andre blei sendt heim frå Stavern. Det har alltid vore uvisst kvifor noen slapp fri mens andre blei sendt ned.

Studentar opptatt 1940 (1. avd. 1940–41), dei fleste cand odont.1946:

Gaare Arnljot Henning f. 11 04 1921 i Vadsø. Arr.ovf. 02 03 1942 Åkebergv. Frislept 08 03 42. Arr. 30 11 43 ovf. 30 11 43 Stavern ovf. Buchenwald ovf. ca 06 07 44 Sennheim, frislept 20 12 44, til Østbanestasjonen, Oslo 1. juledag 1944.

*Hagen Gunnar Odd f. 14 07 1921 Rjukan. Arr. 30 11 43 ovf. Stavern 30 11 43 ovf. 08 04 44 Grini til freden.

Hauge Kjetil Bremer f. 01 04 1920 Bergen. Arr. 30 11 43 Stavern, overført Buchenwald, derifrå til Sennheim og tilbake til Buchenwald, til freden.

Kåss Odd Ingar f. 02 05 1920 Oslo. Arr. 30 11 43 ovf. Stavern 30 11 43 Ov. 07 01 44 Buchenwald, til Sennheim, frislept 10 11 44.

Masvie Torkild f. 26 04 1920 Ålgård. Arr. 30 11 43 til Stavern 30 11 43 ovf. Sennheim 09 12 43 ovf. Buchenwald til freden.

Sandaker Gunnar f. 21 03 1919 Modum. Arr. 30 11 43 ovf. Stavern 30 11 43 ovf. 09 12 43 Sennheim, til Buchenwald, til freden.

Ulla Per f. 13 12 1919 Haram. Arr. 30 11 43 ovf. Stavern 30 11 43 ovf. 09 12



43 Buchenwald ovf. Sennheim ovf. Buchenwald, til freden.

Det var 48 studentar på dette kullet, av dei var sju kvinner. Seks studentar blei sendt til Tyskland, ein til Grini.

Av dette kullet var det ikkje mindre enn 13 som hadde tysk tannlegeeksamen frå før, 15 hadde tysk Phycikum frå før, og fem hadde norsk 1e. avdeling medisin frå før.

Studentar opptatt 1941 (1. avd. 1941–42) dei fleste cand.odont. 1947:

Aksnes Asmund f. 29 07 1917 Bergen. Arr. 30 11 43 ovf. Stavern, ovf. Sennheim 09 12 43 ovf. Buchenwald, til freden.

Holter-Andersen Ragnar f. 23 07 1920 Fana. Arr. 30 11 43. Ov. Stavern 30 11 43 ovf. 09 12 43 Sennheim. Sendt 16



12 44 til Heidelberg universitet for å studere nazistisk ideologi sammen med 11 medfangar. Fekk der sammen med ein medfange hjelp av tyske anti-nazistar til å ryme, og lå i dekning i kjellaren i heimen deira. Fekk ein dag se amerikanske soldatar som padla over Neckar. Lykkast å få kontakt med amerikanarane og fekk oppdrag som tysk-engelsk tolk i den amerikanske hæren. Kom derifrå heim utpå sommaren 45.

Bjørndal Arne Magne f. 19 08 1916
Ulstein. Arr. 30 11 43 ovf. Stavern 30 11 43. ovf. Sennheim 09 12 43, ovf.,
Buchenwald, frislept 20 12 44.

Bovim Einar f., 19 09 1921 Horten.
Arr. 30 11 43 ovf. Stavern 30 11 43
ovf., Buchenwald til freden.

Drangsholt Per Henrik f. 23 06 1921
Øystese. Arr. 30 11 43 ovf. Stavern 30 11 43 ovf. Buchenwald 14 01 44, ovf.

- Sennheim okt. 44 frislept 14 11 44, heime 23 11 44.
- Galaasen Øivind f. 01 03 1922 Florø. Arr. 30 11 43 ovf. Stavern 30 11 43, ovf. 09 12 43 Sennheim, ovf. Buchenwald, til freden.
- Gitlestad Bjørn f. 05 11 1921 Strømsgodset. Arr. 30 11 43 ovf. Stavern 30 11 43 ovf. Sennheim 09 12 43, ovf. Buchenwald, frislept 20 12 44.
- Heisholdt Kjell f. 14 07 1922 Drammen. Arr. 30 11 43 ovf. Stavern 30 11 43, ovf. Sennheim 09 12 43 ovf. Buchenwald, til freden.
- Johansen Egil Anton Stene f. 01 08 1922 Fredrikstad. Arr. 30 11 43 ovf. Stavern 30 11 43, ovf. Sennheim 09 12 43 ovf. Buchenwald, til freden.
- Myhre Karstein f. 17 05 1921 Dverberg. Arr. 30 11 43 ovf. Stavern 30 11 43 ovf. Buchenwald 14 01 44, ovf. Sennheim, ovf. Buchenwald til freden.
- Nielsen Ragnar f. 26 04 1917 Bærum. Arr. 30 11 43, ovf. Stavern 30 11 43, ovf. Sennheim 09 12 43, ovf. Buchenwald, til freden.
- Nornes Norvald f. 23 05 1920 Sogndal i Sogn. Arr. 30 11 43, ovf. Stavern 30 11 43, ovf. 09 12 43 Sennheim, ovf. Buchenwald, til freden.
- Sand Benjamin (Ben ?) f. 21 02 1919 Bærum. Arr. 30 11 43, ovf. Stavern 30 11 43, ovf. Sennheim 09 12 44, ovf. Buchenwald, frislept 20 12 44.
- Skinne Rolf Johannes f. 01 03 1921 Skjeberg. Arr. 30 11 43, ovf. Stavern 30 11 43, ovf. Sennheim 09 12 43, ovf. Buchenwald, til freden.
- Skattum Ingvar f. 09 05 1922 Mysen. Arr. 30 11 43, ovf. Stavern 30 11 43, ovf. 09 12 Sennheim, ovf. Buchenwald, til freden.
- Tveit Reidar f. 04 11 1921 Gulen. Arr. 30 11 43, ovf. Stavern 30 11 43, ovf. Sennheim 09 12 43, ovf. Buchenwald, til freden.
- Wolff Carl Stang f. 08 03 1921 Skien. Arr. 30 11 43, ovf. Stavern, ovf. Sennheim 09 12 43, ovf. Buchenwald, til freden.
- Det var 43 studentar på dette kullet, av dei var 16 kvinner. 17 studentar blei sendt til Tyskland og fire blei sendt til Grini.
- Studentar opptatt 1942 (1.avd. 1942–43) dei fleste cand odont. 1948:**
- Bergland Olav f. 21 06 1920 Mo i Telemark. Arr. 30 11 43 ovf. Stavern 30 11 43 ovf. Sennheim 09 12 43 ovf. Buchenwald, til freden.
- Bjølseth Gunnar f. 21 03 1924 Ø.Aker. Arr. 30 11 43 ovf. Stavern 30 11 43 ovf. Sennheim 09 12 43 ovf. Buchenwald, til freden.
- Bjørnholt Egil f. 12 08 1922 Hønefoss. Arr. 30 11 43 ovf. Stavern 30 11 43 ovf. Buchenwald ? ovf. Sennheim ovf. Buchenwald til freden.
- Bruvik Sverre f. 18 05 1917 Bruvik Arr. 30 11 43, ovf. Stavern 30 11 43 ovf. Sennheim ovf. Buchenwald, til freden.
- * Christophersen Cato f. 06 02 1923 Trondheim. Arr. 30 11 43 ovf. Stavern 30 11 43 ovf. 08 01 44 Grini, frislept 18 02 44.
- Finne Rikoll f. 11 01 1907 Voss. Arr. 30 11 43, ovf. Stavern 30 11 43, ovf. Sennheim 09 12 43, ovf. Buchenwald, til freden.
- Fjeld Øivind f. 25 07 1923 Aker. Arr. 30 11 43, ovf. Stavern 30 11 43, ovf. Sennheim 09 12 43, ovf. Buchenwald, frislept.
- Gjersum Trygve f. 17 08 1922 Drammen. Arr. 30 11 43, ovf. Stavern 30 11 43, ovf. Sennheim 09 12 43, ovf. 21 11 44 Buchenwald, til freden.
- * Hatland Erling f. 30 06 1920 Haus. Arr. 30 11 43, ovf. Stavern 30 11 43, ovf. 08 01 44 Grini, til freden
- Imenes Gunnar f. 20 07 1922 V.Bærum. Arr. 30 11 43, ovf. Stavern 30 11 43, ovf. 07 01 44 Buchenwald, ank. 13 01 44, ovf. Sennheim ,ovf. Buchenwald ank. 14 12 44, til freden.
- * Johnsen Otto Christian f. 22 04 1923 Berg. Arr. 30 11 43 ovf. Stavern 30 11 43, ovf. 08 01 44 Grini, til freden
- Nilsen Gunnar Normann f. 04 03 1921 Fana. Arr. 30 11 43, ovf. Stavern, ovf. Sennheim, ovf. Buchenwald, til freden.
- Ottermo Fritz Johannes f. 10 01 1922 Trondheim. Arr. 30 11 43, ovf. Stavern 30 11 43, ovf. Sennheim 07 01 44, ovf. Buchenwald ank. dit 13 01 44, til freden
- Slåttilid Odd Hugo f. 28 11 1920 Karlstad. Arr. 30 11 43, ovf. Stavern 30 11 43, ovf. Sennheim 09 12 43 overført Buchenwald 13 01 44, til freden.
- * Støren Eilert Johan f. 20 02 1922 Ulstein. Arr. 02 02 44 ovf. Grini 02 02 44, frislept 24 12 44.
- Sydnes Gudvin f. 08 10 1920 Vikebygd. Arr. 30 11 43 ovf. Stavern 30 11 43, ovf. Sennheim ovf. Buchenwald, til freden
- Øijorden Kåre f. 11 04 1921 Bergen. Arr. 30 11 43, ovf. Stavern 30 11 43 ovf. Sennheim 09 12 43, ovf. Buchenwald, til freden.
- Det var 41 studentar på dette kullet, av dei var ti kvinner. 13 studentar blei sendt til Tyskland og fire til Grini.

Kjelder

Lister over tannlegestudentar frå Riksarkivet for 1. avd. 1940–41, 1. avd. 1941–42, 1. avd 1942–43, og 1. avd. 1945–46
 Nordmenn i fangenskap 1940–45 utgåve 1995 v/ Kristian Ottesen
 Tysklandsstudentene 1946 v/Michael Sars og Knut Erik Tranøy
 Telefonkontakt med arkivansvarleg v/ odontologiske fakultet i Oslo.
 Samtale med noen tidlegare fangar og eldre tannlegar.

Riksarkivet har ikkje opplysningar om at det blei tatt opp studentar til Farmasøytisk og Medisinsk Institutt i 1943, og heller ikkje til Odontologisk fakultet.